



Vigdís Brakstad
Vardane 15 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1601 - 19/862

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

24.01.2019

Grunneigaravtale GBNR 10/29

Vatn og avløp

Meland kommune skal leggje nye vass- og avløpsleidingar frå Holmeknappen til Tveit. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast trekkjerrøyr for fiber og veglys.

Fortau

Statens vegvesen planlegg å byggje fortau langs delar av fylkesveg 247, frå der vegen møter fylkesveg 564 til Blåklokka barnehage som ligg på gbnr. 10/52. Då det er uvisse om når det nye fortauet vil bli bygd, vil Meland kommune leggje til rette for fortauet allereie no som arbeidet med legging av VA-leidningar byrjar. Det er mest hensiktsmessig at fortauet leggjast på same side av vegen som barnehagen og den planlagde undergongen. Det er naudsynt at vegen vert utvida for å få frigjort areal til fortau.

Rettar til grunnen

For å sikre framtidig bruk av vegen samt for å avvike trafikk i utbyggingsperioden, må kommunen ha ein avtale med dei grunneigarane som får delar av vegen lagde over sine eigedomar. Avtalen er ei standardavtale som blir brukt i tilsvarende saker og ein tek sikte på at opparbeida vegareal i framtida skal ervervast som fylkesveg.

Avtalen regulerer ikkje spørsmål om pålagt tilknytning til leidningsnettet for grunneigarane, tilknytingsavgift eller liknande. Slike forhold må løysast av gjeldande lovregler og kommunale forskrifter.

Meland kommune ber om at vedlagte avtaler vert underskrive av alle grunneigarane i eitt og same dokument, med mindre ein av grunneigarane har fullmakt til å inngå avtalar på vegne av dei andre arvingane. Vi ber dykk sende avtalane attende til Meland kommune p.b. 79, 5906 Frekhaug. Avtalen vil bli tinglyst, og det andre eksemplaret vil bli sendt tilbake til dykk. Alle kostnader med tinglysing m.m. vil bli dekkja av kommunen.

Dersom de har spørsmål eller merknader til utbygginga i høve til plassering m.m. kan de kontakte prosjektleiar Harry Finseth på telefon 56171176 eller e-post harry.finseth@meland.kommune.no.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avtale mellom Meland kommune og eigare av GBNR 1029
Kartvedlegg

Mottakere:

Vigdis Brakstad

Vardane 15 A

5911

ALVERSUND